



VEG OG VIRKE

BEDRIFTSBLAD FOR

STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL

Nr. 2

Juni 1991

19. årg.

VEGDIREKTORATET



Skyting av tunnelsalve med gammeldags
«Beethovenapparat».

Oljemaleri av Erling Pilskog.



VEG OG VIRKE

BEDRIFTSBLAD FOR
STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL

Nr. 2

Juni 1991

19. årg.

INNHOLD:

Vegsjefen har ordet 3

VEGNYTT

Tunneldrift	4
Atlanterhavsvegen: Trafikk og inntekter ..	6
Ålesundstunnelane	8
Traf-plan-nytt	12
Kurs for lastebilsjåfører	11
Salg av maskiner	13
Aksjon mot ulovlege reklameskilt	13
Salte bruer	14
Nasjonal handlingsplan	15
Kurs for ferjekaire reparatører	27

PROFILER

Krifast på MC	16
Erling Pilskog	17
Bjarne Rekdal si vegsoge	18
Odd tar perm	15
Gult er kult	20
Kråkevisa	31
Sølv og bronsje i VM	22
Historiens største Vegcup	27

BILTILSYNET

Ute og inne - tunge og lette	23
Trafikktryggleik på nært hold	21
Økt satsing på miljøkontroll	22

DEBATT

Framtidsutsikter for Aure veggarsje	24
---	----

ARBEIDSMILJØ

AMU sia sist	25
Verneleiarens 5-minutt	26
Tiltak mot løsemiddelskader	27
I veien for deg	25

Personalia	17
------------------	----

Kryssord	28
----------------	----

Redaktør: Odd Williamsen
Redaksjonssekretær: Palma Pladsen

Redaksjonsutvalg:
Terje Haug, administrasjon
Berit Ingebrigtsen, plan
Oddbjørn Pladsen, anlegg
Magne Veiset, drift

Utgitt av Statens vegvesen Møre og Romsdal
Fylkeshuset, 6400 Molde
Telefon: (072) 58 000

Opplag: 2500

Ettertrykk anbefales, men angi kilde. Personlige meningsytringer redegjør ikke nødvendigvis for etatens offisielle holdninger.

Framsida:
Skyting av tunnelsalve med gammeldags «Beethoven-apparat». Et av motiva i Erling Pilskogs historiske oljemaleriserie fra tunnelmiljø. Se omtale i bladet.


Baksida:
Fra bygginga av Fannefjordtunnelen på Skålavegen. Betonginjisering mai 1990.
Foto: Anders Haakonsen.

Deadline for neste nr. er 9. september 1991.

Sats og trykk:
EKH trykk A/S, Molde. Tlf. (072) 11 133

Vegsjefen har ordet:

Skuffande tilleggsløyving



Den 10. mai fekk vi melding om at Regjeringa foreslo ein auke på 665 mill. kroner til riksveganlegg i 1991.

Av dette beløpet er 40 mill. kroner øyremerka til spesielle trafikktryggingstiltak, medan 625 mill. kroner går til prosjekt i alle fylke.

Her har vårt fylke kome ut skuffande därleg, vi ligg heilt i botnskiktet med eit forslag på berre 20 mill. kroner som fullt ut går til KRIFAST. Om dette er ei tilleggsløyving eller det berre er ei forskottering av staten sin del går ikkje fram. Dette vert nok klålagt seinare. Men sjølv om det berre er ei forskottering frå staten si side så sparar det finansieringselskapet opplåning og dermed renteutgifter, og i siste instans trafikantane med kortare nedbetalingstid.

På KRIFAST er no alle kontraktar inngått og framdriftsplanen fastlagt så ekstra sysselsettjingseffekt vil denne tilleggsløyvinga ikkje få. På førehand hadde vi her frå fylket lista opp fleire prosjekt der vi kunne starte arbeidet alt i år og dermed gi auka sysselsettjing. Men desse forslaga rakk ikkje opp i denne omgang,

Av dei 40 mill. kroner til trafikktryggingstiltak som ikkje er fordelt mellom fylka kan vi vel vone å få om lag 2,5 mill. kroner. Det er sjølsagt og ei hjelp, men dei heilt store utslag gir det ikkje for ekstra aktivitet og sysselsettjing.

«Venteliste B»

I tillegg til dei prosjekt som har fått forslag om auka tildeling i 1991 og som for ein stor dels ved-komande også skal vidareførast i 1992 og 1993 har Regjeringa lista opp ein del andre vegprosjekt med høg lønsemeld eller stor lokal betydning. Desse prosjekta skal vurderast nærmare i samband med budsjettarbeidet for 1992 og 1993.

På denne noko meir usikre og luftige lista er det kome med 3 prosjekt i Møre og Romsdal.

Det er:

E 69: Måndalen-Vågstranda. Rassikring.

Rv 680: Aursundprosjektet

E 69: Svarta-Digernes. Vegomlegging.

Dei 2 førstnemnde av desse prosjekta er ikkje med i Norsk veg- og vegtrafikkplan for 1990-93. Men

både prosjekta er høgaktuelle ved revisjon av NVVP for perioden 1994-97 som skal gjennomførast i andre halvår i 1991, med behandling i fylkestinget våren 1992.

Med tilstrekkelege ekstraløyvingar i 1992 og 1993 vil rassikringsarbeidet på E 69 mellom Måndalen og Vågstranda arbeidsmessig kunne gjennomførast i inneverande planperiode.

Det ville høve svært godt å starte dette tunnelprosjektet ved årsskiftet 1991/92 når tunnelarbeidet mellom Innfjorden og Veblungsnes er ferdig.

Om Aursundprosjektet får løyvingar i denne perioden vil nok det likevel måtte strekkje seg ut i neste vegplanområde.

For det tredje prosjektet på lista, som gjeld ombygging av ei 2,3 km lang ulykkesbelasta strekning av E 69 i Skodje kommune, vil ei eventuell løyving i 1992 bety framskunding på eitt år. Dette prosjektet er nemlig med i NVVP 1990-93, med planlagt anlegsstart i 1993.

Som uttala innleiingsvis er vi vonbrotne over at vi i Møre og Romsdal er tilgodesett med berre 20 mill. kroner i framlegget frå Regjeringa til tilleggsløyving i 1991. Vi kan sjølsagt vone at det under behandlinga i Samferdselskomiteen og til slutt i Stortinget skjer endringar til det betre, men sjansane er vel usikre.

Eg trur heller at vi må setje vår lit til at dei 3 prosjekta på "venteliste B" får ei skikkelig utteljing alt i 1992-budsjettet som skal opp i Stortinget til hausten.

E. Vollset

Tunneldrift E 69 i eigenregi

Det vart bestemt at tunnelen forbi raset ved Innholmen skulle gå frå Vebliusnes til Gridset i Innfjorden, og vi skulle drive eine stuffen i eigenregi. Det vart Innfjorden for oss.

Arbeidet med forskjeringa begynte i veke 11/90. Oppsynsmann Inge Bergum leia arbeidet ute i dagen. Vi begynte å rigge brakkeleir 19. mars 1990. Brakkene kom frå Vevang og Spjelkavik, kontorriggen frå Gurskøy.

Vi fekk gjennomslag i Nebba tunnel på Åndalsnes 30. april 1990. Mai månad gjekk med til nedrigging og rensk i denne tunnelen, og tilrigging i Innfjorden. Vi etablerte sprengstofflager og la vannledning fram til påhogget. Rauma kommunale kraftverk la høgspentkabel til kiosk oppå forskjeringa. Lite overdekning og oppsprokke fjell kravde ekstra sikring av påhogget. Vigyste inn 8 meter lange og 25 mm tjukke kamstål rundt heile konturen. Påhogget vart også bolta med 4 meter rørbolt og påspruta eit 10 cm tjukt lag fiberarmert betong. Kl. 1940 den 31. mai 1990 sprengte vi første salva i tunnelen.

Vi går Nordsjøordning, med 2 veker på og 1 veka fri. På kvart skift er det 1 oppsynsmann, 1 bas, 1 drivar og 1 skiftreparatør. Til sammen 16 mann, 2 kokker, kontordame og reinhaldsbetjent.

Sikringsarbeidet er bolting, rensk og sprutbetong. Det brukes gyste rørbolter og polyesterforankra kamstålboltar. Spiling har vorte benytta ved dårlig fjell.

Ørsta Stålindustri A/S leverer fjellsikringsutstyr. Frå Sikringsteknikk A/S - Aker Entreprenør A/S leiger vi ein spruterigg. Føraren av denne går inn på bakstuff i perioder med lite betongsprutning. Vebliusnes Sandtak A/S leverte betong før sommar-

ferien i 1990, etter den tid har vi kjøpt betong frå Skorgen Grus og Transport A/S i Vestnes. Pr. 27. april har vi sett inn 8074 fjellboltar (3,36 pr. lm) og spruta 1130 m³ betong (0,47 m³ pr. lm).

Vi bruker noneltennere og salvene vert initiert med fenghette og svartkruttlunte. Sprengstoffa er dynamitt, glynit og anolit. Anoliten vert blanda på anlegget i 800 kg's sekker. Også i konturen bruker vi vanlig anolit, men fyller holet ca. 60 %. Er det vatn bruker vi glynit og rørladning.


Eit kommunalt vassverk leverer vatn til boreriggen. Pumpe og trykkutjamtningstank sørger for nok vatn på stuff. Til kvar salve bruker vi 30 m³. Vassrøra innover i tunnelen er 3" galvaniserte stålør, 1000 m eigne og resten innleidd.

Ventilasjonsutstyr leiger vi frå Andersen Mek. Verksted A/S (AMV) i Flekkefjord. Blåsevifta ute er på 2 x 110 kw. Sug-blås eining flytter vi kvar veka slik at den står 100-200 meter bak stuff. Blåsevifta ute stopper når salva går. Ei mindre blåsevifte inne bles mot stuffen og ladden går bakover til sug/blåsen, og ut gjennom ventilasjonsduken. Dette tek 20-25 minutt. Diameter på ventilasjonsduken er 1,6 meter. Frå AMV leiger vi også ei arbeidsplattform bygd på ein lastebil. Denne vert brukt til bakstuffarbeid.

Firmaet H. Samseth A/S i Måndalen tok på seg lasting og utkjøring. Men dei gjekk konkurs i november 1990. K. A. Aurstad A/S fekk kontrakt på resten av vår stuff. Med ein ny Komatsu 500 og 3 semier går det bra. Dei



Innsettjing av spiling rundt kontur i Isefjorden. I korga B. Hegset og J. Klungnes.



Jørn Klungnes sjekker datariggen.



Ein av K. A. Aurstad A/S sine semiar tipper på mellomlager.

køyrer også tunnelmassen frå mellomlager ved tunnelen, til fyllinga langs E 69 i Innfjorden og utover til Hovde. Borstålleverandører er Sandvik Rock Tools A/S. Vi betaler fast pris pr. bormeter.

Frå starten 30. mai 1990 og til sommarferien leigde vi ein datarigg frå Rogaland fylke, for øvrig den samme som vi brukte i Nebba på Åndalsnes. Den er bygd av AMV og datadelen er levert av Bever Control A/S. Våre erfaringar med datarigg er forskjellige. Det vart dreve 237 meter før vi sende riggen til Rennfast. Fjellet var

glimmerikt og krevde dels tung sikring med bolting og sprutbetong, særleg dei føreste 100 m.

I sommarferien i fjar kom ein Boomer 175 frå Nordland fylke. Den fekk ei skikkeleg overhaling før vi starta på igjen. Men det viste seg at riggen var i så dårlig stand at vi kom på etter-skudd med vedlikehaldet, og måtte ta reparasjonsarbeid i helgene. Vi skifta hovedpumper, elmotorar, gaider og til slutt bormaskiner. Ut-over hausten i 1990 vart riggen såpass bra at vi fekk ei brukbar inndrift. Men Cop. 1238 bormaskiner og 16 fot

stenger er ikkje godt nok i konkurransen med private i dag. Derfor prøvde vi å få tak i ny rigg, men det var ikkje enkelt. Vi fekk tilbud om å leige rigg frå Atlas Copco. Ein Boomer H 185 med kraftigare bormaskiner og 18 fot stenger. Ledelsen drista seg til å godta tilbuddet, og i veke 3/91 kom «vidunderet» frå Stockholm til Innfjorden. Kven hadde trudd at vi skulle få ein flunkande ny rigg. Men det vart problem med den nye også. Svenskane klødde seg i hovudet og fann feilane. I skrivande stund går riggen godt. 90 meter på ei veke er rekord så langt. Med brukbart fjell og ein driftssikker rigg vert det gjennomslag i månadsskiftet juni/juli.

Tunnelen vert 6000 meter lang. For kvar 500 meter har vi sprengt nisje. Det er også utsprengt 2 havarinisjer der det er mogleg å snu eit vogntog. Tunnelprofielen er T-9 med eit teoretisk tverrsnitt på 57 m². Pr. 27. april 1991 har vi dreve 2405 meter. Selmer Anlegg A/S har dreve 2316 meter frå motsatt side. Største vekeinndrift var i veke 17/91 med 90 meter. Minst inndrift var det i veke 34/90 med 17 meter. Då var det därleg fjell med tung sikring, på grensa til utstøyning.


Fra planavdelinga på vegkontoret har vi fått utlånt Rolf Arne Hamre som stikningsingeniør. Ved hjelp av totalstasjon og datamaschin måler og rekner han ut det som må til for å halde retninga. To lasere lyser mot stoffen heile tida. Ferdigdrevan tunnel vert målt med Ankval for å sjå om vi driv rette profilet.

Vannsikringa vert omfattande på grunn av mykle lekkasje første kilometeren frå Innfjorden. Dette arbeidet skal Støyskerming A/S i Sula starte i veke 19/91.

Grøfter med kummar og drenering er ute på anbod i desse dagar. Vi er spente på kva for firma som får jobben.

Etter påske starta vi med

Vi som arbeider i Innfjorden



J. Engeseth
Anleggsleiar



R. A. Hamre
Stikn.ing.



D. Rotevatn
Opps.mann lag 1



M. Myrvang
Bas lag 1



O. Dalebø
Drivar lag 1



T. Pettersen
Skiftrep. lag 1



K. Leganger
Opps.mann lag 2



Ø. Tafjord
Bas lag 2




S. Flydal
Drivar lag 2



J. Klungnes
Skiftrep. lag 2



L. Brautahaug
Opps.mann lag 3



A. Løvlid
Bas lag 3



G. Berli
Drivar lag 3



K. Henden
Skiftrep. lag 3



B. Heggset
Bakstuff



R. Samuelsen
Bakstuff



O. Nyhagen
Dagrep.



S. Boman
Elektrikar



Å. Flaa
Kokke



R. Vågenes
Kokke



G. Sæther
Kontorfullmektig



T. Hjelmengen
Reinhaldsbetjent



Bent Larson fra Atlas Copco sjekker borsynk på "nyriggen".

sluttrensk. Fire mann går to skift med innleidt hjullaster med renskekorg og førar.

Det er stilt og roleg i Innfjorden. I fritida les vi aviser og ser fjernsyn. Er det fint ver tek vi kanskje ein tur på Bøstølen. Kokkene lagar god mat, så vi har det godt på brakka.

Sett på bakgrunn av problema med tunnelriggane og därleg fjell sommaren 1990, må vi seie oss nøgd med vår drift i eigenregi. Ønsket her i Innfjorden er å begynne på ein ny tunnel så snart som mogleg etter gjennomslag og opning hausten 1991.

Kristen Leganger




A T L A N T E R H A V S V E G E N


Trafikk og inntekter 1990

I 1990 ble det registrert 144 460 betalende kjøretøy på Atlanterhavsvegen. Disse betalte kr 6 738 375. I tillegg var det 139 534 passasjerer som betalte kr 1 672 373 slik at de totale inntekter kom opp i kr 8 410 748. Den månedsvise fordelingen av trafikk og inntekter vises i de to figurene nedenfor.

Trafikk Atlanterhavsvegen 1990




Inntekt Atlanterhavsvegen 1990




Som vi ser av figurene er juli en klar toppmåned både når det gjelder inntekter og trafikkmengde. Aller tydeligst ser vi det på persontrafikken. Vi ser også at det i de typiske turistmånedene april (påske), juni, juli og august så er det mer enn en person i bilen i gjennomsnitt, mens det i de andre månedene ligger under en. Ved å sammenligne trafikken i 1990 med trafikken i 1988 (siste heile år med fergesamband), vil vi kunne se om trafikkøkningen har vært jevnt fordelt over året eller om det er spesielt sommertrafikken som har økt. Denne sammenligningen er vist i figurene under:

Biltrafikk ferge/bomveg



Her ser vi at biltrafikken ligger høyest i 1990 for alle måneder, men at den får et løft i somtermånedene. Enda klarere ser vi forskjellen i persontrafikken som fremstilt på neste side:



Vi ser her at julitrafikken er over dobbelt så stor i 1990 som i de to andre åra. Motsatt har vi at marstrafikken i 1990 var lavere enn tilsvarende tall for 1988 og 1987.

I de aller fleste samband der ferge blir avløst av vegforbindelse, vil tallet på passasjerer pr. kjøretøy gå ned. Dette er en viktig faktor når vi skal anslå engangsveksten i trafikken ved fergeavløsningsprosjekt. På Atlanterhavsvegen har vi ikke hatt denne utviklingen. Tvert imot så har tallet på passasjerer pr. bil økt, og det selv om passasjene i busser nå holdes utenom. Dette er en spesiell utvikling for Atlanterhavsvegen og skyldes nok at på ferga så dominerte yrkestrafikk, mens det på bomvegen er en stor dominans av turister sommerstid.

Hvordan gikk det så med engangsveksten i trafikken? Trafikk våre prognosør? Trafikkprognosene som ble lagt til grunn i 1984 var for pessimistisk, ikke minst skyldes dette den sterke årlige veksten vi hadde i trafikken f.o.m. 1986. Modellen vi brukte i prognosene fra 1989 beregner trafikken i antall personurer, dette blir så gjort om til kjøretøy og passasjerer. Vi anslo antallet personurer i 1990 til 290 000, mens virkeligheten ga ca. 284 000. Prognosene vår bygde imidlertid på at alle trafikanter skulle betale, resultatet ble i midlertid at visse trafikantgrupper fikk fritak. Den største gruppen blant disse er rutebussene som utgjorde ca. 5 000 passeringer i 1990. Tar vi med dette så var også trafikk-


prognosene fra 1989 litt for pessimistisk. Tallet på personer pr. kjøretøy ble høyere enn det vi la til grunn, dermed ble det ikke så mange kjøretøy, men flere personer enn ventet.

I prognosene fra 1989 som var utarbeidet i forbindelse med fastsetting av takstene, sa vi at trafikken ville øke med 25 til 35 prosent (både personurer og kjøretøy), men vi sa videre at «dette sambandet nok vil få større overført trafikk (turisttrafikk) enn det som ligg inne i modellen.» Resultatet ble at personurer økte med 51 prosent og kjøretøy med 43 prosent fra 1988 til 1990. Trafikkveksten på fergene utgjorde i 1989 og 1990 tilsammen ca. 7-8 prosent, slik at engangsveksten i antall kjøretøy vil ligge på ca. 35 prosent. I tillegg til dette vil fritaket for visse trafikantgrupper komme. Her ville rutebussene aleine utgjøre en økning på 6 prosent. Skal vi bruke erfaringene fra Atlanterhavsvegen til å bedømme kvaliteten på den modellen vi bruker, kan det være riktig å se på trafikken utenom sommernådene. Holder vi juni, juli og august utenfor har trafikken økt fra 1988 til 1990 med henholdsvis 42 og 33 prosent for passasjerer og kjøretøy. Tar vi hensyn til rutebusser og generell trafikkvekst, vil engangsveksten som definert i 1989 også være ca. 33 prosent for kjøretøy. Selv om Atlanterhavsvegen på mange måter er et lite typisk fergeavløsningsprosjekt så har modellen etter min mening vært brukbar til å forutsi trafikken.


Like så interessant som å se på antall kjøretøyer, er det å se på inntektene. Prognosene fra 1989 opererte med bruttoinntekter på 8,1 mill. kr. I virkeligheten ble inntektene for 1990 8,4 mill. kr. Tar vi hensyn til inntektsbortfallet pga. fritak for rutebusser som bare i direkte virkninger vil utgjøre en halv million kroner, ble inntektene noe større enn det vi anslo. Dette skyldes mindre rabatt bruk enn forutsatt, noe som igjen må tilskrives turisttrafikken.

Konklusjonen er at Atlanterhavsvegen har hatt trafikk omrent som ventet, noe høyere inntekter og at den er svært avhengig av turisttrafikken. Dette har vi vel egentlig vært klar over, men det er greit å få det ned på papiret.

Leif Magne Lillebakk



"Ålesundstunnelane" - for siste gong.....?



Tunnel- og bruprosjektet Ålesund - Ellingsøy / Vigra - Giske - Godøy er best kjent over landet som «Ålesundstunnelane». Namnet er vel greitt nok og kan skje det minst kontroversielle no i ettertid.

Hovudanlegget som gir Ålesund og nordre Sunnmøre fast samband til stamflyplassen på Vigra vart opna 20. oktober 1987 og kosta 563 mill. (løpande) kr. Ser vi bort frå forseringstillegget og utgifter til bomstasjon og innkreving er dette 11,3 % overskridelse i forhold til overslaget i Stortingsproposisjonen (480 millioner 1987-kr).

Tilleggsanlegget - Godøytunnelen (3,8 km) - knytte Godøya med 1200 innbyggjarar til dei 5000 andre i Giske kommune. Godøy-tunnelen vart opna for trafikk 4. februar 1989 og kosta 157 mill. løpande kroner. Samanlikna med overslaget vart fordyringa 10 mill. kr eller 6,8%.

Fordyring - Overskridning i anleggsutgifter

Ser vi heile anlegget under eitt er auken i investeringsutgiftene i høve til oversлага mindre enn 10 %. Dette er godt innafor den «grensa som var tillatt» for hovudplanoverslag den gongen, 20 %, men naturlegvis likevel høgt. Overskridinga i anleggskostnaden har nok bidratt til den finanzielle krisa for selskapet, men kan ikkje vera den verkelege grunnen.

Overskridinga må sjåast på bakgrunn av at dette var eit pionerprosjekt:

- * dei første undersjøiske tunnelane i Sør-Norge
- * dei lengste og djupaste til no
- * dei første med 100 %

privatfinansiering der tidsfaktoren (rentedøgn) vart svært viktig. Forsering kostar.

Teknisk og trafikalt vel-lukka


Ålesundstunnelane er teknisk avanserte, med utstyr og drivemetodar som inntil då var nye på våre kantar, til dels i heile landet. Planleggingstida vart kort og hektisk. Det er tvilsamt om lengre planleggingstid kunne ha medført lavare kostnad for sjølve tunnelane. Derimot kunne ein kanskje ha forhandla seg fram til mindre grunnutgifter og fått bruk tunnelmassane på ein meir rasjonell måte under eit mindre tidspress.

Produktet er i samsvar med vegnormalane og fungerer slik det skal. Det var dimensjonert for jamm vekst i trafikken på toppen av ein eingongsauke på 40 % ved opning. Når denne trafikken er uteblitt verkar anlegget gjerne litt overdimensjonert. Men Ålesundstunnelane har vore eit teknisk referanseprosjektet framfor noko fram til no.

Finansiell fiasko

Med renter (ca. 180 mill. kr) hadde Ålesund og Giske Tunnel- og Bruselskap A/S (ÅGTB A/S) ved årsskiftet 1990/91 ei gjeld på vel 900 mill. kr.

Inntektene frå trafikken gjennom bomstasjonen på Kverve - ca. 40 mill. kr pr. år



- er for små til å betjene gjelda. Selskapet er i realiteten insolvent.

Men tunnelane har ingen alternativ bruk og konkurs er difor inga løysing.

Banksyndikatet som finansierte hovudanlegget har overtatt aksjemajoritateen i ÅGTB A/S og dermed retten til å kreve inn bompengar innafor dei rammer Stortinget fastset.

Inntektene framover er avhengig av trafikk, takstnivå og rabattbruk, innkrevingskostnader og lengde på bompengeperioden (maksimalt til år 2012).

Sjøl om inntektene ikkje er tilstrekkeleg til å dekke avdrag og forsvare eit rentenivå på 12-14 % vil 40 mill. kr pr. år i 25 år trass alt bli 1 milliard kr.

Tapet for långjevarane blir difor begrensa. Det er likevel klart at Ålesundtunnelane - som det første vegprosjektet - er i alvorleg finansiell krisa, først og fremst fordi:

* Trafikken har svikta. I staden for å veksa går biltrafikken ned.

* Lånerenta er 6-8 prosent større enn prisstigninga. I prognosane på førehand var denne realrenta sett til 3-5 prosent.

Med så høy realrente blir eit lån på 900 mill. kr frå 54 til 72 mill. kr dyrare kvart år. 2% forskjell i realrenta utgjer

18 mill. i året, eller minst 450 mill. kr over bompengeperiode.

Det er klart at eit bompengeselskap som står fritt i forhold til finansieringsinstitusjonane har høve til å innhente anbud på finansieringa. I dette tilfellet har banksyndikatet heile tida fastsett prisen på lånekapitalen. Og den har ikkje vore serleg gunstig for prosjektet.

Følgene

Dette har fått følger. Ikke berre for långjevarar som med den realrenta vi har og dei trafikkprognosane som er utarbeidd for åra framover heretter naturleg nok vil sjå på finansiering av vegprosjekt med større skepsis, men og for styremakter som skal godkjenne nye prosjekt. Brukarane i Giske har også klart tilkjennegitt sitt syn på det takstnivå som synest vera naudsynt for å finansiere slike tiltak heilt ut med bompengar.

Nye store prosjekt i relativt lavt trafikkerte samband bør nok heller basere finansieringa på ei deling mellom brukaravgifter og løvning over offentlege budsjet.

Dermed må alle tiltak inn på den offentlege prioritetslista i Norsk veg- og vegtrafikkplan og vente på tur. Men vi får ei sunnare finansiering, mindre renteutgifter, klårare ansvarsforhold, større samfunnsmessig nytte av investeringane og ei politisk heilsakspvurdering.

SKULLE ÅLESUND-TUNNELANE VORE BYGD?

Dersom dei føresetnadene som var lagt til grunn for prosjektet hadde blitt oppfylt så kunne Ålesundstunnelane vore eit godt papir også økonomisk. Men timinga vart dårlig. Prisstigninga frå 1985 til 1987 var på over 20 % og rentenivået svært høgt. Ei viss tid låg lånerenta for byggjelåna på over 18 %!

Opningsdagen, 20. oktober 1987 fekk vi børskrakk. Realrenta heldt seg oppe, men prisstigninga - inflasjonen - som skulle ligga til grunn for takstauken kom ned på 4-5 %. For prosjektet vart dermed prisstigninga både i byggjetida og i nedbetalingstida svært uheldig. Eit omvendt forhold kunne kanskje ha vore nok til å redde prosjektet. I alle fall ville biletet vore heilt annleis dersom trafikken også hadde vokse like raskt etter opninga som i tida før.

Dermed er det i ettertid grunnlag for å seia at Ålesundtunnelane ikkje skulle vore bygd i den perioden. Heller ikkje med den finansieringa. Og Godøy-tunnelen bidrar ikkje positivt i dette regnskapet.

Trafikantane klagar over dyre billettar og reiser minst mogleg gjennom bomstasjonen. Men internt i øysamfunnet har trafikken auka langt over landsgjennomsnittet.

Kvifor har trafikken svikta?

I staden for 3500 bilar i døgnet passerer det berre mellom 2500 og 2800 gjennom bomstasjonen på Kverve. Og ca. halvparten av desse passerer for halv pris med PREMID-kortet. I desse bilane sit passasjerane på gratis. På ferja måtte alle betala.

Det var på førehand venta og sagt at eit fast vegsamband mellom Ålesund-Ellingsøya og Valderøy/Vigra med stamflyplassen var heilt nødvendig for vidare utvikling i området. Heile distriket skulle få sterke impulsar og ny giv.

Tunnelen kom - men ikkje marknadsføringa. Giske kommune er i ei serstilling som har største stamflyplassen i fylket, eit sers viktig trafikk-knutepunkt.

Men fastlandssambandet har ikkje skapt etableringslystidet tidlegare øysamfunnet. Trafikken stagnerer. Takstsystemet bidrar nok sitt. Den store arbeidsløysa og gjeldskrisa i mange familiær og bedrifter er også postar å rekne med. Den høge realrenta er tyngande også for dei som skal betala prosjektet.

Forsert byggjetid

I kontrakten for hovudanlegget var byggjetida sett frå



6.1.1986 til 29.1.1989 =3 år
1 md. Anlegget vart opna 20.10.1987, byggjetid 1 år 10 md. Godøytunnelen vart tilsvarande forsert fram.

For heile anlegget har bruselskapet betalt til entreprenørane over 26 mill. kr. for tidlegare ferdigstilling. Begge partar skulle tena på dette. Bruselskapet tente minst med det takstsystemet dei la til grunn første året.

3 forhold gjorde forsering mogleg:

1. Innføring av fleire skift (Nordsjøordning). Alle timer i døgnet vart utnytta.

2. Tunnelbreidda gjorde det mogleg å arbeide på fleire aktivitetar samtidig, og det vart

3. utvikla nye sikringsmetodar som medførte mindre heft. I staden for full utstøping gjekk det meste av sikringsarbeidet ut på boltning og bruk av sprutbetong.

Første års inntekt

vart liten. Eit takstsystem med rabattar basert på tidsavgrensing og ikkje på antal turar førte til stor trafikk - men små inntekter (ca. 27 mill. kr i 1988).

Dette var eit system som trafikantar med årskort (PREMID-brikke) kunne vera vel nøgd med. 50 % av brukarane gjekk då også ganske fort til innkjøp av slike. Det var få klager. Men systemet var ikkje godkjent av styresmaktene.

Når det frå 2. året vart klårt at inntektene måtte aukast dersom gjelda skulle kunne betjenast vart takstsystemet omlagt og nivået auka til (inntil) 40 % over ferjetakst. Det vart betaling for kvar tur slik distriktet hadde gått inn for og Stortinget føresett.

Men då kom naturlegvis ein sterkt reaksjon. Med sterkt negativ omtale - og trafikk-svikt.

Viktig:

- * rett takstsystem og -nivå frå første dag
- * eit opplegg med rabat-

tar, antal klipp etc. som er mest mogleg likt ferjesystemet blir oppfatta som mest rettferdig

* eit «rettferdig» system er nødvendig for å oppretthalde tillit til bompengeselskapet, betalingsviljen og dermed trafikkvolumet

* eit sunt prosjekt er avhengig av at trafikken ikkje blir avvist.

Etter at anlegget er opna vil det naturleg nok bli mindre interessant for ein bilførar å samanlikne prisen i bomstasjonen med ferjeprisen enn med kostnaden ved å køyre tilsvarande strekning elles på ein riksveg.

Dette er ei av dei store


- med utstrakt tru på privatisering og det private initiativ

- med frisk satsing og tru på grensesprengning? I første halvdel av 1980-talet var nok slike idear og tankar populære. Og var det galt å vera optimist?

Uheldig ansvarsdeling?

Statens vegvesen var byggherre for Ålesundstunnelane. Etter opninga har Vegvesenet ansvaret for vedlikehald og drift.

Frå bankhald blir det hevda at det var uheldig at det ikkje heilt frå starten var same institusjon som både



ulempene ved etterskots-innkrevning. «Anlegget ligg der ferdig, kvifor skal vi nå måtte betale.» Ved innkreving parallelt med bygginga ser folk umiddelbart kva pengane går til, og pengane blir meir verdt når dei ikkje blir rentebelasta.

Parallelinnkreving ved bompengeringar og for-skotsbompengar på ferje-samband som skal erstattast med faste samband bør vera regelen. Med same takstnivå i det ferdige fastlandssambandet som på ferja vil vi i allefall unngå trafikkavisning som følge av endring i kjørekostnaden.

Eit jappeprosjekt?

Var Ålesundstunnelane eit typisk prosjekt av si tid?

- med prognosar som berre peika ein veg
- med «overflod» av pengar

hadde byggherreansvaret og som hadde den fulle risiko for økonomien i prosjektet. Ansvaret for det siste bar kreditorane.

Det er tvilsamt om banksyndikatet som byggherre kunne bygd billegare tunnelar med dei krav som blir sett til slike anlegg. Økonomien i eit prosjekt omfattar også drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Det må vera rett at den etat som skal drive og vedlikehalde eit så utsett anlegg som dette også må vera byggherre og sikre at kvaliteten blir god heilt frå anleggsstart.

Som finansieringsinstitusjon og sjølgarantist var det opp til banksyndikatet å vurdere risikoen. Og det er ikkje 11% overskridning på investeringssida som er årsak til finansproblema for Ålesundstunnelane.

Det var uheldig nok at byggherren ikkje fekk føra anleggsrekneskapen for hovudanlegget og dermed ikkje hadde den fulle økonomiske oversikt til kvar tid. Men når anlegget først var sett i gang måtte det fullførast. Ved betre oversikt over økonomien kunne kanskje Godøytunnelen vore unngått. Men ville øysamfunnet slå seg til tåls med det?

Offentleg pålegg og fordyringer


Uansett finansieringskjelde har Vegvesenet eit tradisjonelt motiv for å føra streng kostnadsmessig kontroll med alle vegprosjekt der Vegvesenet er byggherre. Men då må Vegvesenet også ha hand om redskapen som trengs for å utøva denne kontrollen, nemleg anleggsrekneskapen. Den vart sett bort til eit privat firma før Vegvesenet 5. juni 1985 formelt fekk byggherreansvaret. Og det var visst viktigare at denne rekneskapen vart ført nært anlegget og nært bankane enn at det kom inn i eit velprøvd opplegg ved vegkontoret (PBR-systemet).

At Vegvesenet ikkje gir ved dørene kan vel entreprenørane skriva under på. Riktig pris skal gi forteneste dersom entreprenøren driv rasjonelt og effektivt. Men konkurransen om arbeidet er ofte så hard at det blir mindre med fortenesta. Og eventuelle tillegg skal begrunnast godt.

Offentlege pålegg kan koma like overraskande på Vegvesenet som på andre.

Når til dømes direktoratet i byggjeperioden fastset at oppsette skumplater skal dekkast med betong, så må det berre skje.

Og når kommunane gjennom reguleringsplaner fastset omfanget av utbygginga - og det er eit sterkt tidspress for å bli ferdig - så skal ein ikkje krangla lenge om å få redusert tiltaket før utsetjinga blir like kostbar som å



Bomstasjonen på Kverve.

akseptera planen (Kverve-Gjøsund).

Anleggsrekneskap - finansrekneskap

For tidlegare ferdigstillelse betalte ÅGTB A/S bonus til entreprenøren. Selskapet fekk på si side inntekter på eit tidlegare tidspunkt.

Ein slik bonus er ein rein finansoperasjon og den må haldast utanom byggjerekneskapen. At forseringa likevel medførte ekstra utgifter er det ingen tvil om, sjøl om det i ettermiddag naturlegvis er umogleg å fastsetje beløpet.

KVA HAR VI LÆRT AV ÅLESUNDSTUNNELANE?

Teknisk

* at undersjøiske tunnelar kan vera eit trafikalt godt og rimeleg alternativ til bruer ved breie, men grunne fjordar med godt fjell.

* at byggjetida med moderne sikringsmetodar og god innpassing av «etterarbeid» kan bli kort.

* at driftsutgiftene likevel blir høge samanlikna med vanlege faste bruar.

* at tryggingstiltaka blir omfattande.

Økonomisk - finansielt

* at Statens vegvesen som byggherre også skal føre anleggsrekneskapen.

* at eit veganlegg bør ha eit innslag av offentlege midlar og bli prioritert gjennom NVP.

* at betalingsviljen for visse trafikantkategoriar er lav (pendlarar direkte til eit bysenter).

* at prognosar må vera sers nøkterne og ha buffer som følge av endringar i samfunnsøkonomien elles.

* at etterskotsfinansiering er svært kostbart med den realrenta vi har og kanskje også får framover.

* at bompengedelen av investeringsutgiftene bør vera fast eller trafikkavhengig og at staten ber risikoen ved eventuell overskriding.

Administrativt/organisasjon

* at byggjeleiinga må ha god kjennskap til bedriftskulturen hos byggherren og vera utestasjonert på anlegget.

* at finansieringsselskapet stadig syter for at dei låna som blir tatt opp er så billege som mogleg. Finansierings-selskapet må stå fritt overfor banksyndikatet etc.

Anders S. Moen



KURS FOR LASTEBILSJÅFØRER

Den 28. februar - 1. mars 1991 holdt maskinavdelinga kurs for egne lastebilsjåfører, i alt deltok 15 sjåfører.

Kurset la spesielt vekt på gjennomgang av de nye ADR-reglene om transport av farlig gods og sikring av last. Videre tok vi for oss de økonomiske sidene ved egen lastebildrift. Asbjørn Røyset fra Sogn og Fjordane orienterte om lastebildrifta i sitt fylke. En vegmester og oppsynsmann fra anleggsdrifta deltok i diskusjonen om egen lastebildrift.

Statens vegvesen Møre og Romsdal har i dag kun spesialbiler innkjøpt til vanlig vedlikeholdsdrift med mye ekstrautstyr. Disse bilene blir ofte for dyre i sammenligning med innleide biler. Det ble hevdet at sjåførerne må være samarbeidsvillige - kostnadsbevisste og alle må arbeide for størst mulig utnyttelse av bilene for å få ned timeprisene. Planlagte reparasjoner må ikke utføres slik at det hindrer drift av bilen.

Maskinavdelinga har i årsplan 1991 bestemt å utføre service og planlagt vedlikehold på tidspunkt som ikke hindrer drifta, (kveldstid eller ledige dager) evt. bruk av byttebiler der dette er mulig.

Lastebilene har så lange serviceintervall i dag at dette bør kunne tilpasses i de aller fleste tilfelle. Arnfinn Orvik orienterte om rapportering.

Det er svært positivt å kunne samle sjåførene, særlig når også brukerne er med, oppsynsmenn fra anlegg og vedlikehold. Alle har felles interesse: Godt bilmateriell til lavest mulig leiepris, flinke sjåfører og størst mulig utnyttelse av lastebilparken.

Maskinavdelinga




Arnfinn Orvik orienterer.



TRAFFIC PLAN - NYTT



POLITIREGISTRERTE TRAFIKKULYKKER
MED PERSONSKADE
I MØRE OG ROMSDAL 1.1.1985 - 31.12.90




Fra 1988 til 1989 økte antall politirapporterte trafikkulykker med personskader fra 422 til 481, det vil si bortimot 14%. Den relativt beskjedne nedgangen i antall ulykker på riksvegnettet fra 1989 til 1990, oppveies av en liten økning på fylkes- og kommuneveger. Det totale antallet er derfor uendret i denne perioden.

Økte ulykkestall skyldes økt nakkeslengrapportering

Ettersom det ikke er skjedd nevneverdig endring i omfanget av bilkjøring de siste årene, og bilbeltebruken viser en tendens til økning igjen, er det overraskende at skadetallene øker nå. Den uhellstypen som øker mest er påkjøring-bakfra-ulykker. Det er imidlertid ingen faktorer i trafikken som skulle tilsi en slik utvikling. Vi antar derfor at økningen i antall skadde bilister de to siste årene skyldes økt fokussering omkring nakkeslengskader, og ikke at trafikksikkerheten er blitt dårligere. Økende "erstatningsbevissthet" og frykt for senvirkninger gjør at man nå sannsynligvis rapporterer slike skader oftere enn tidligere.

Den positive utviklingen for ulykker med myke trafikanter fortsetter

Det skjedde totalt 105 slike ulykker i 1990. Dette er en nedgang på 10% fra året før. Bare i 1988 er det registrert et lavere antall ulykker med myke trafikanter. På riksvegene var det en svak økning i antall slike ulykker fra 1989 til 1990, men vi ligger fremdeles godt under nivået fra årene før 1989. Den store nedgangen finner vi på kommunevegene, der antall ulykker gikk ned fra 48 i 1989 til 32 i 1990 (33% nedgang). Det skal likevel nevnes at 1989 var et "katastrofeår" mhp. antall skadde/drepte myke trafikanter på kommuneveg.



Etter at antall trafikkdrepte i 1989 har helt oppe i 23, er vi nå kommet ned mot 1988-nivået igjen. 16 personer ble drept i 1990, og gjennomsnittet for perioden 1986-90 er 19. Statistisk sett er tallene her imidlertid så små at en skal være forsiktig med å trekke for store konklusjoner om utviklingen fra år til år.

Størstedelen av dødsulykkene i 1990 skjedde på riksvegen i Romsdal.

Ulykkesårsak

I Møre og Romsdal skjer bare ca. 10% av trafikkulykkene i spesielt ulykkesbelastede punkt, og disse finner vi stort sett i byene og de største tettstedene. Den dominerende delen av ulykkesmengden ligger altså spredt ut over store deler av vegnettet, nesten like mye på rettstrekkning som i kurver og kryss. Enkle forklaringer på ulykkesårsaker gir derfor sjeldent "riktig svar". Årsakssammenhengen er svært sammensatt, og som regel er det riktigere å snakke om årsakskjeder enn om klare enkeltårsaker. Trafikksikkerhetsarbeid er derfor et tilsvarende mangfoldig og sammensatt arbeidsområde. De fleste av etatens aktiviteter innvirker på trafikksikkerheten, direkte eller indirekte.

SALG AV KONKURRANSEMASKINER

Maskinavdelinga har i lengre tid kjempet for å holde sine to Moxy-dumpere i arbeid til en regningsvarende pris. Dessverre måtte vi kapitulere og fremby dem for salg, i første omgang til Vegvesenet i andre fylke.

Det viste seg snart at de fleste fylkene hadde samme problem som oss, men Statens vegvesen Rogaland var interessert da de hadde en større jobb i forbindelse med Rennfastprosjektet.

Folk fra maskinavdelinga var her oppe den 23. april og kikket på maskinene. De likte tydeligvis det de såg, for i tillegg til dumperne ble vi av med en ukurant belteknuser og et powerscreen.

En liten trøst er det at maskinene fortsatt blir i etatens tjeneste, og salgssummen kan vi bruke til å kjøpe mer aktuelle maskiner for.

Asbjørn Molaup



Utstyret oppstilt på Hamneterminalen klart for utskiping med m/s «Nordskott».

AKSJON MOT ULOVLEGE REKLAMESKILT

Kommersielle skilt kan skjule leikande barn, vere til ulempe for svaksynte og ta merksemda frå trafikkbildet. Slik reklame har vore årsak til mange ulykker.

Statens vegvesen Møre og Romsdal har frå 1. mai 1991 i samarbeid med politi, kommunar og interesseorganisasjonar sett i gang ein aksjon for å få fjerna ulovlege reklameskilt.

Alle skilt som står på vegens egedomsområde samt dei skilt utanfor vegområdet som kan seiast å vere trafikkfarlege (distraherande, sikthindrande o.l.) blir fjerna.

Vegkontoret gjekk i april og mai ut med annonsar som varsla eigalarar av slike skilt om at ulovlege reklameskilt vil bli inndratt og mellombels lagra på vegstasjonane før destruksjon. Alvorlege tilfelle blir anmeldt. Oppslag på langtidsparkerte bilar blir sett på like eins.

Interesserte kan ved å vende seg til vegstasjonane få brosjyren «Kunne ditt reklameskilt vært årsak til denne ulykken?», som gjer greie for bygningsloven, naturvernloven og vegloven sine skiltbestemmelser.




Bildet øverst: Eksempel på ulovleg reklame påklistra langtidsparkert bil, frå Langveien (rv 16) i Kristiansund.

Bildet i midten: Malingsreklame like ved det ulykkesbelasta «Køffkrysset» i Kristiansund.

Bildet nederst: Meir maling - her markedsført ved hjelp av reklame på traktorskuffe! Løkkemyra, Kristiansund. Denne blei omgåande fjerna av vegmeister Dragset etter at bilar hadde køyrt i grøfta.





SALTE BRUER

Alle bruer har en livslengde. I den seinere tid har vegmyndighetene sett at bruer i kyststrøkene vil ha kortere levetid enn «innlandsbruer» dersom det ikke settes inn mot-tiltak. Årsaken er at saltinntrengning på grunn av sjøsprøyting har større skadevirkninger enn Statens vegvesen og annen ekspertise regnet med. Saltinntrengning fører til armeringskorrosjon. Men det er viktig å være klar over at korrasjonen pr. i dag IKKE er av en slik art at bruenes sikkerhet er truet. Problemet er ikke enestående for Norge.

Statens vegvesen gjør store anstrengelser for å forlenge kystbruene sine levetid gjennom

- kartlegging av kystbruene med de største skadeproblemlene
- forebyggende vedlikehold
- videreutviklede tradisjonelle metoder
- nye elektrokjemiske metoder
